

Hordabø skule
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Informasjon frå deltidsopplæringa

Skuleåret er i gang og fleire skular som har nye elever som har mange spørsmål knytt til deltidsopplæringa i Statped. Her listar eg opp nokre spørsmål (med svar) som eg har fått i det siste:

Kva skal det stå i einskildvedtaket?

Deltidsopplæringa krev eit einskildvedtak fordi vi ikkje er ein skule, men ei alternativ opplæringsarena. Vedtaket skal avklare dei organisatoriske rammene for kva eleven skal med deltidsopplæring i Statped. Det **må** stå kva paragraf eleven skal ha opplæring etter, og kvifor eleven vil ha nytte opplæring i eit teiknspråkleg læringsmiljø (mål konkretiserast i samarbeidsavtalen). Det bør stå kor mange veker som er aktuell for eleven og det er fint om det om det står noko om ressursar; skal eleven ha følgje av assistent/lærar, skal lærar delta deler av opphaldet?

Skal lærer frå bustadskulen følgje? Vi ser det som ein fordel om lærarar frå bustadskulene kan kome på deltidsopphalda. Det legg grunnlag for godt samarbeid mellom lærarane i deltidsopplæringa og bustadskulen, og gir lærarane på ulike bustadskuler rom for samarbeid. I tillegg kan læraren observere korleis eleven samhandlar med andre små og store i eit teiknspråkmiljø, og vi kan utveksle erfaring om korleis ein kan jobbe med visualisere undervisninga. Men bustadskulane er ansvarleg for at opplæringa for eleven er best mogleg, og må sjølv vurdere kor mykje og ofte lærar/assistent skal delta.

Skal elevane ha med bøker/eige opplegg på deltidsopphald? Som det er avtalt i samarbeidsavtalen har statped fullt opplegg for alle vekene elevane er på deltidsopphald, men vi ser det kan være nyttig for eleven å jobbe med nokre få oppgåver frå skulen – bokstavar eller tall. Vi set av 1-2 timar i veka der dei vil kunne jobbe med eigne oppgåver.

Når starter fjernundervisninga? Målet vårt var å kome i gang så snart som mogleg etter skulestart. Diverre har det trekt ut i tid: vi venter fortsatt på tilbakemelding /skjema frå nokre skular. Andre skular har fått utstyret, men vi venter på at it-support har gitt klarsignal for alle skulane i kvar gruppe er klar. Nyleg meldte It-support at det er snart er tomt for elevmaskiner som kan sendast ut, og nye må kjøpast inn. Dermed kan det ta ennå litt tid før vi kan være i gang med alle gruppene og det kan hende vi må omgruppere litt fordi nokre skular ikkje ønskjer å delta. Når gruppa som din elev skal delta i er klar, sender vi melding til skulen.

Kan eg få brukarnavn til Itslearning? Ja, skulane har fått eit felles brukarnavn for sin skule, og ved første pålogging er passordet Deltid2016 og kan endras.

Vi vil legge informasjon om deltidsopphald og fjernundervisning på Itslearning. Elevne vil få eit eige passord som skal nyttas i tilknytning til fjernundervisning.

Statped

Pr i dag heiter vår læringsplattform Itslearning/Hunstad skole – men om ikkje så lenge vil vår nye plattform Itslearning/Statped være klar til å ta i bruk.

Kor ofte er det lærarkurs? Vi har to moduler haust og vår, kurset går over to dagar (vanlegvis tysdag – onsdag) frå kl.9.00 – 13.30. Den teiknspråklige delen er retta mot dei som underviser i faget, men vi prøver å legge til rette for nybegynnarar også og alle er velkommen. Den hørselsfaglige delen passer for alle som jobbar med eleven, men er nok også mest interessant i direkte undervisning. Kurset er på skulen (Kronstadveien 35) og det er mulig å avtale møte med ansvarlig lærer i deltid eller andre før eller etter kurset. Dette må skulene sjølv ta initiativ til.

Med helsing

Grethe Kruse Aas
Skolefaglig ansvarlig

Camilla Bøe
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk signert

Kopi til: